

DOMSTOLENE I NORGE

Årsmelding 2008

INNHOLDSFORTEGNELSE

Innledning ved direktør og styreleder	4	Åpenhet	41
		Nettsteder for domstolene	42
Dette er domstolene	7	Sidegjøremålsregisteret for dommere	43
Domstolene si rolle i samfunnet	7	Informasjon til vitner og meddommere	43
Oppgaver i dei alminnelige domstolene	8	Informasjonsskjermene i domstolene	43
Jordskiftedomstolene sine oppgaver	10	Rettens dag i domstolene	43
		For skolene	44
Kart over domstolene i Norge	12	Mediekontakt	44
		Dommernes mediegruppe	44
Domstoladministrasjonen	14	Rett på sak	45
Domstoladministrasjonens rolle og arbeidsoppgaver	14	Internasjonalt samarbeid	45
Noen sentrale arbeidsoppgaver i Domstoladministrasjonen	14	Utviklingsarbeid i 2009	45
		Service	47
Domstolenes virksomhet	17	Service & samhandling	48
Saksavvikling og måloppnåelse 2008		Vitnestøtte	48
– de alminnelige domstolene	17	Servicestrategiprojektet	49
Saksavvikling i jordskiftedomstolene	20	Samlokalisering av jordskifterett og tingrett	49
		Ny film for meddommere	49
Domstolenes ressursbruk	23	Konflikt og forsoning	49
Økonomiske nøkkeltall for domstolene 2008	23	Utvikling av domstolenes førstelinjetjeneste	49
Organisasjonsutvikling	24	Presserom og advokatrom	50
Ny strategisk plan for Domstoladministrasjonen	25	Servicestrategi i Domstoladministrasjonen	50
Jordskifterettens ressursbehov fase 2	26	Åpen dør	50
Funksjonelle lokaler	26	Utviklingsarbeid i 2009	50
Likestilling	27		
Arbeidsmiljø i domstolene	28	Effektivitet	51
Domstolenes omdømme	28	Videokonferansar i justissektoren	52
		Samordna utviklingsarbeid i justissektoren	52
Tilbakeblikk på 2008	30	Nye ressursfordelingsmodellar for tingrettane og lagmannsrettane	53
		Innføring av nye reknskaps-, lønns- og personalsystem	53
Kvalitet	33	Saksbehandlingssystemet Lovisa	53
Ledelse i domstolene	34	Ny tvistelov – elektronisk samhandling og lyd/bilete	53
Organisering av kompetansearbeidet	35	Pilot trådlause nettverk	53
Lederutvikling	36	IP-telefoni	53
Kurs i saksbehandlingssystemet Lovisa	36	Ressursgruppedommarar	54
Opplæring i kontorstøtteverktøy	36	Nytt fagsystem jordskiftedomstolene	54
Sentralisert lønns- og regnskapsfunksjon	36	Utviklingsarbeid i 2009	54
Andre kurs arrangert for medarbeidare i domstolene	36		
Domstoladministrasjonens interne kompetanseutvikling	36	Respekt	55
Norges deltakelse i European Judicial Training Network	37	Styrkede rettigheter for fornærmede og etterlatte	56
Domstolledermøtet og dommermøtet 2008	37	Tilrettelegging av ventetid og håndtering av vitner	57
Faste årlige møter	37	Barnehus	57
Rekruttering til domstolene	37	Utviklingsarbeid i 2009	58
Prosjekt ny tvistelov	38		
Ny organisering av kompetansearbeidet i domstolene og Domstoladministrasjonen	38	Integritet	59
Rådet for kompetanseutvikling og læring i domstolene	38	Tilsynsutvalet for dommarar	60
Strukturendringer	39	Innstillingsrådet for dommarar	60
Regelutvalg	39	Dommarane sine sidegjøremål	61
IKT for domstolene	39	Utviklingsarbeid i 2009	61
Angivelse av dommer og kjennelser til rettslige informasjonssystemer	40		
Henvendelser til brukersenteret for domstolene	40	Årsstatistikk 2008	63
Utviklingsarbeid i 2009	40		

Innledning

Året 2008 har vært meget positivt for effektiviteten i domstolene. De fleste domstoler er nå innenfor de tidsrammer Stortinget har fastsatt, og særlig gledelig er utviklingen i Borgarting lagmannsrett og Oslo tingrett. Vi ivaretar rettsikkerheten på en god måte, og domstolene nyter høy tillit i samfunnet. Vi har en forsvarlig og effektiv saksavvikling, og vi har i hovedsak rutiner og arbeidsformer som sikrer en god og effektiv ressursutnyttelse. Blant annet hensynet til jevn drift av domstolene gjennom året og også hensynet til at parter og advokater får rimelig tid til forberedelser, gjør at DA nå går gjennom målene for saksavviklingstid, for å se om de bør justeres og nyanseres.

DA møter en rekke utfordringer i 2009. Den strategiske planen som ble vedtatt i 2008 beskriver hva vi tar sikte på å prioritere de kommende årene. Vi har nå fått en egen kompetanseenhet som det er knyttet store forventninger til. Dette sterkere fokuset på kvalitets- og kompetansearbeid er på linje med hva som skjer i andre nordiske land og EU.

Arbeidet med service i domstolene går framover. Det er viktig for tilliten til domstolene at folk blir møtt på en god måte. Vi har tilsatt flere medarbeidere som skal ha fokus på sikkerhet og beredskap i domstolene, et område hvor det er mye å gripe fatt i. Og teknologiutfordringene står i kø, både når det gjelder utvikling og sikkerhet; politiets datasammenbrudd forleden er skremmende. En side ved økende teknologibruk er hvilke konsekvenser dette kan få for arbeidsmåten i domstolene. Hva vil innføring av videoopptak av forklaringer i tingrettene få å si for gjennomføringen av ankebehandlingen i lagmannsrettene? Vi skal blant annet se på erfaringene fra Sverige på dette området.

Også domstolene møter utfordringer. En ting er å holde oppe effektiviteten. Men det ligger også løpende utfordringer knyttet til at arbeidet i domstolene blir stadig mer krevende. Samfunnet er mer komplisert enn det var for bare få år siden. Det er tilstrekkelig å se på mengden av lover, forskrifter og andre regler, og også på veksten og utviklinga i de profesjonene som arbeider med rettslige spørsmål, for å se at det har skjedd noe som må ha følger også for oss. I tillegg kommer at både det flerkulturelle Norge, vår plass i Europa og ikke minst våre plikter etter internasjonale konvensjoner vil kreve sitt. Det er en hovedutfordring for oss å sikre kvalitet og kompetanse i alle ledd.

Ifølge idé- og verdigrunnlaget skal domstolene ha en verdig ytre ramme rundt sin virksomhet. Mange steder er det ikke slik. Riktignok har det i DAs tid blitt bygget og tatt i bruk mange tinghus, noe som var en nødvendig følge av struktur-reformen. Men vi har mange steder tinghus og lokaler som er nedslitte og uhensiktsmessige, med de begrensninger dette innebærer særlig for servicetilbudet til brukerne, og for sikkerhet og arbeidsmiljø. For DA er ikke problemet å finne byggeprosjekter; vi har god oversikt over behovene. Problemet er finansieringen, og dette medfører ganske harde og ikke nødvendigvis populære prioriteringer fra DAs side.


Budsjettet for 2009 var ikke utpreget oppløftende. Riktignok fikk vi endelig klarsignal for nytt tinghus til Gulating, og vi fikk rom for en markert lønnsøkning for jordskiftedommerne. Som et ledd i regjeringens krisepakke fikk vi også mulighet til å påstarte byggingen i Steinkjer. Men totalbildet er at vi har mindre å rutte med, med de konsekvenser dette får både for DAs arbeid og for domstolene. I en del år har nedarbeiding av restanser vært prioritert, og andre viktige tiltak har måttet vente.

Det er i denne situasjonen vanskelig når ting- og lagmannsrettene i 2009 har fått redusert driftsmidlene med 13,3 millioner kroner, eller om lag én prosent av driftsbudsjettet. Dette synliggjør at selv om vi er uavhengige, er vi dessverre økonomisk sett svært så avhengige.

I Danmark har Domstolsstyrelsens direktør og styreformann nettopp kommet med et nødtopp til danske politikere. Produktiviteten i danske domstoler er etter domstolsreformen der bedre enn aldri før. Men i 2008 har likevel restansene økt kraftig, rett og slett fordi domstolene er ressursmessig utarmet. I Norge er vi ikke i den situasjon at nødtopp trengs – ennå. Men hvis vi ikke får de politiske miljøene mer interesserte i det vi holder på med, kan det være grunn til å frykte at utviklingen også hos oss kan gå i samme retning. Det arbeidet som ble gjort av Tekna, en del jordskiftedomstoler og DA i fellesskap for å skaffe mer midler til jordskifte, viser at politikere har både interesse, engasjement og handlingsvilje i forhold til domstolene. Men de må gis innsikt i hva vi driver med og hvilke behov vi har, og her må vi dra lasset sammen! Ifølge idé- og verdigrunnlaget skal domstolene og DA arbeide for økt kunnskap om rettssamfunnet og sin virksomhet, og herunder delta i den rettspolitiske debatt om domstolfaglige spørsmål.

Kanskje må vi selv heve blikket, og begynne å tenke på hvordan vi mener norske domstoler skal se ut i 2020? Vi må i hvert fall bli enda mer synlige i media, ut over den jevne dekningen av de rettssakene vi behandler.

April 2009



Karl Arne Utgård
Styreleiar



Tor Langbach
Direktør



Karl Arne Utgård,
leder for Domstoladministrasjonens styre



Tor Langbach,
direktør for Domstoladministrasjonen

“ Sterkere fokus på kvalitets- og kompetansearbeid er på linje med hva som skjer i andre nordiske land og i EU. ”

Dette er domstolane



Domstolane si rolle i samfunnet

Statsmakta er delt opp i ei lovgivande (Stortinget), ei utøvande (Regjeringa) og ei dømmende (domstolane) makt. Domstolane si hovudoppgåve er å løyse rettslege tvistar. Dette skjer gjennom behandling av dei straffesakene og dei sivile tvistane som vert tatt inn for retten. Alle borgarar kan nytte seg av domstolen for å løyse ein sivilrettslig konflikt.

Berre domstolane kan idømme straff (grunnloven §96). I tillegg utfører domstolane fleire forvaltningsliknande oppgåver, t.d. dødsfallsregistrering og andre skifterettslege oppgåver innafor offentleg bubehandling. Domstolane har og ein rettsutviklande funksjon gjennom si tolking av lovene.

Dei alminnelege domstolane i Noreg er Høyesterett, lagmannsrettene og tingrettene, som alle dømmer i både sivile saker og straffesaker. I tillegg finnes forliksråda, som er organisert i kvar kommune. Forliksråda er meklingsinstitusjonar med avgrensa domsmyndigheit. Dei behandlar berre sivile tvistar. Forliksråda vert ikkje administrert av Domstoladministrasjonen, og omfattast ikkje av denne årsmeldinga.

Kvar lagmannsrett arbeider innafor eit geografisk lagdømme og kvar tingrett innafor eit domssokn. I Oslo domssokn finst Oslo byfogdembete i tillegg til Oslo tingrett. Ved utgangen av 2008 var det til saman 68 tingrettar. I tillegg finst einskilde domstolar med særleg avgrensa kompetanse, såkalla særdomstolar, som jordskiftedomstolane og Arbeidsretten. Det finst fleire internasjonale domstolar som behandlar rettstvistar. Dei viktigaste for borgarane i Noreg er Den europeiske menneskerettsdomstolen og EFTA-domstolen. Menneskerettsdomstolen si oppgåve er å sikre at dei statane som har ratifisert Den europeiske menneskerettskonvensjonen oppfyller sine plikter.

Saksgangen i rettssystemet

Dei fleste sivile tvistar startar i forliksrådet med obligatorisk mekling. Dersom ikkje meklinga fører fram, kan forliksrådet i nokre tilfelle avseie dom i saka. Ein slik dom kan ankast til tingretten. Forliksrådet kan og vise saka direkte til tingretten. Partane kan då bringe saka inn for tingretten ved å ta ut stevning. Andre sivile saker startar i tingretten, med unntak av saker som har vore avgjorde av Trygderetten. Desse startar i lagmannsretten. Alle straffesaker startar i tingretten. Dommar frå tingretten kan ankast inn for lagmannsretten. Avgjerder i lagmannsretten kan ankast vidare til Høgsterett som dømmer i siste instans. Ankeutvalet i Høgsterett har vid kompetanse til å nekte ei sak å sleppe inn for Høgsterett.

- Domstolane skal vere uavhengige
- Dei skal sikre og fremme rettssikkerheita og verne om rettssamfunnet
- Domstolane skal ha høg tillit i samfunnet

Dette er domstolane sitt idé- og verdigrunnlag.

Uavhengigheit

Domstolane og dommarane er uavhengige i si dømmende verksemd. Stortinget gir lover, medan domstolane behandlar konkrete saker etter desse lovane. Domstolane kan overprøve ei lov dersom den er i strid med Grunnlova. Ingen kan gi domstolane instruks om korleis dei skal behandle ei sak. Ein høgare instans kan som hovudregel heller ikkje gi instruksar til ein lågare instans om behandlinga av ei konkret sak. Den sentrale administrasjonen av domstolane – unntatt Arbeidsretten – er lagt til Domstoladministrasjonen (DA). DA skal sørge for at dei overordna krava og forventningane samfunnet har til domstolane vert ivaretatt, synleggjere domstolane si uavhengigheit og vidareutvikle domstolane si rolle som den viktigaste konfliktløysaren i samfunnet. I tillegg til å vere samordnande og styrande i administrative funksjoner er Domstoladministrasjonen og eit serviceorgan. Domstolane si uavhengigheit vert og markert ved at Domstoladministrasjonen ikkje kan instruerast av eit departement.



Domstolane si myndigheit og openheit

Det skjer betydeleg maktutøving i domstolane, og i eit demokratisk samfunn er det viktig at dette vert kombinert med stor grad av openheit og offentlegheit. Det skjer ved at alle har:

- rett til å vite når rettsmøter skal holdast
- rett til å vere til stades på rettsmøter
- rett til å gjengi offentleg det som kjem fram i rettsmøter
- rett til utskrift av rettsavgjerder
- rett til å gjengi rettsavgjerder

Retten kan på nærmare bestemte vilkår gjere begrensningar i offentlegheita. Gjennom berammingslister på nettet (www.domstol.no) kan alle sjå når ei sak skal gå for retten. Openheita om dommarar er og større enn for andre yrkesgrupper. Gjennom Sidegjeremålsregisteret for dommarar kan kven som helst ha innsyn i dommarane sine verv og investeringar. Det finst og ei klageordning gjennom Tilsynsutvalet for dommarar.

OPPGÅVER I DEI ALMINNELEGE DOMSTOLANE

Domstolane har rett og plikt til å avgjere konkrete rettsvistar som vert tatt inn for retten. Domstolane tar ikkje opp saker på eige initiativ. Ei sak som skal behandlast, må bringast inn for domstolen av den som vil ha saka prøvd. Med unntak av Oslo byfogdembete og Oslo tingrett er dei alminnelege domstolane fullfaglege. Dei behandlar alle typar saker som kan bringast inn for retten.

Straffesaker

Domstolane si oppgåve i straffesaker er først og fremst å avgjere skuldspørsmål og fastsette straff. Alle ordinære straffesaker begynner i tingretten, som er første instans. Dersom tiltalte vert funne skuldig, vert det utmåla ei straff. Vi har fylgjande formar for straff; fengselsstraff (som kan vere med eller utan vilkår), samfunnsstraff, forvaring, rettighetsstraff og bøter. Straffetypane kan i nokre høve brukast i kombinasjon. Domstolane kan vidare idømme tap av visse rettar, t.d. tap av førerett, inndraging og tvungen psykisk helsevern eller tvungen omsorg.

Behandlinga av straffesaker i tingretten fell i to kategoriar; meddomsrettssaker og einedommarsaker. I meddomsrettssaker vert retten normalt sett med to lekdommarar i tillegg til fagdommaren, og det vert halde ei hovudforhandling. I kategorien einedommarsaker ligg ei rekkje oppgåver i domstolen. Felles for dei er at det er ein dommar, utan meddommarar, som avgjer saken. Dette gjeld m.a. tilståingssaker. I desse sakene vert det avsagt dom etter ein sterkt forenkla framgangsmåte som berre kan brukast når bestemte vilkår er oppfylt, mellom anna må den sikta tilstå utan atterhald og den sikta må samtykke i behandlingsmåten. Dommaren skal då utmåle straffa aleine.

I prinsippet kan alle typar lovbrøt som ikkje kan medføre fengsel i meir enn ti år behandlast som einedommarsaker, men det er relativt sjeldan at saker som gjeld grov vold eller seksuallovbrøt vert behandla på denne måten. Andre einedommarsaker enn tilståingssaker er t.d. fengslingar, besøksforbod, kommunikasjonskontroll, endring av vilkår for dom med vilkår, fullbyrding av subsidiær fengselsstraff ved brot på vilkåra for samfunnsstraff, beslag av førarkort og klager over gebyr.


I lagmannsrettane vert dei mest alvorlege sakene behandla med lagrette (jury). I andre saker vert retten sett med tre fagdommarar og fire meddommarar dersom retten skal prøve skuldspørsmålet, og der anken gjeld straffutmåling i dei mest alvorlege sakene. I saker som berre gjeld lovbruken, saksbehandlinga eller straffutmåling der strafferamma ikkje er over seks år, deltar tre fagdommarar i avgjerda.

Saker som vert tatt inn for Høgsterett vert i nokre tilfelle avgjorde av ankeutvalet i Høgsterett som består av tre dommarar. Rett vert normalt sett med fem dommarar. I nokre prinsipielle saker avseier Høgsterett dom i plenum med alle 19 dommarar. Frå 1. januar 2008 kan det bestemast at saker av særleg viktigheit skal behandlast av Høgsterett i storkammer med elleve dommarar.

Sivile saker

I sivile saker er domstolane si oppgåve å løyse ein aktuell rettsvist mellom to eller fleire partar. Det kan både være tale om saker mellom private partar og mellom private partar og det offentlege. I tingrettane vert som regel sivile saker avgjorde av ein fagdommar aleine, medan dei i lagmannsretten vert avgjorde av tre fagdommarar. Både i tingretten og i lagmannsretten kan retten settast med lekdommarar frå dei alminnelege utvala for meddommarar. I einskilde saker deltar fagkunnige meddommarar. Saker som vert tatt inn for Høgsterett vert i nokre tilfelle avgjorde av ankeutvalet i Høgsterett som består av tre dommarar. Elles vert retten sett med fem dommarar.

De alminnelige domstolene



I nokre prinsipielle saker avseier Høgsterett dom i plenum. Frå 1. januar 2008 kan det bestemast at saker av særleg viktigheit skal behandlast av Høgsterett i storkammer med elleve dommarar.

Alle domstolar i første og andre instans tilbyr rettsmekling. Målet med rettsmekling er å oppnå semje mellom partane slik at dei inngår forlik. Saka vert då heva, og ein unngår hovudforhandling og dom. Skjønn er ein særleg form for rettargang. Hovudformålet med skjønn er som regel å fastslå verdien av fast eigedom eller rettar i fast eigedom.


Frå 1. januar 2008 trådte tvistelova i kraft. Lova gjeld behandlinga av dei sivile sakene og inneheld ein rekkje forandringar som påverkar domstolane, aktørar og partar. Måla med lova er m.a. å få ein rimelegare og meir effektiv tvisteløysing og gi lettare tilgang til domstolane der det er behov for det. Ein nyheit er reglane om småkravprosess. Ein annan er at ein kan kreve gruppesøksmål.

Andre oppgåver

Domstolane har og andre typar oppgåver som offentleg skifte (dødsbu, felleseige og konkurs), tvangsfullbyrding, notarialforretningar, og vigslar. Tingretten har ei rekkje oppgåver i skiftesaker. Dei viktigaste er behandling av konkursbu, offentleg skifte av dødsbu og offentleg skifte av ekteskapeleg felleseige. I Oslo er skiftesakene lagt til byfogdembetet. Konkursbu vert styrt av bustyrarar (som regel advokatar). Dei fleste dødsbu vert og styrt av ein bustyrar som er oppnemnt av retten. Sjølv om det vert oppnemnt bustyrar, skal retten overvake behandlinga og ta stilling til rettsspørsmål undervegs.

I tvangssaker medverkar tingretten til å få fullbyrda rettskrav som ikkje blir oppfylt frivillig. I Oslo er desse oppgåvene lagt til byfogdembetet. Det er vidare ei oppgåve for dei fullfaglege tingrettane og Oslo byfogdembete å ta stilling til krav om tvangssal av fast eigedom, samt å behandle gjeldsordningssaker. Tingrettane har vidare oppgåva som notarius publicus. I Oslo er desse oppgåvene og lagt til byfogdembetet. Notarialforretningar går ofte ut på å bekrefte at ei underskrift eller ein fotostatkopi er ekte, eller bekrefte opplysningar frå foretaksregisteret. Notarius publicus utfører og borgarlege vigslar.

Domstolene er den tredje statsmakt



JORDSKIFTEDOMSTOLANE SINE OPPGÅVER

Jordskiftedomstolane er særdomstolar som arbeider med saker heimla i jordskiftelova. Oppgåvene er i hovudsak omforming av eigedomar, tilrettelegging for samarbeid på tvers av eigedomsgrenser, klarlegging av rettsforhold til fast eigedom, fastlegging av eigedomsgrenser og ulike skjøn. Jordskiftelova er i utvikling i samsvar med dei behova samfunnet har. Oppgåvene har gradvis endra seg frå å berre omfatte oppløysing av realsameiger og teigblanding for landbrukseigedomar, til å kunne løyse problem for alle som disponerer eigedom i Noreg. Jordskiftelova er for tida under revisjon med sikte på at det vert utarbeidd ei ny lov. Arbeidet vert gjennomført av ei arbeidsgruppe i Landbruks- og matdepartementet som får støtte frå ei breitt samansett referansegruppe.

Jordskifte – omarrondering og bruksordning/felles tiltak

Utgangspunktet for jordskifte er at eigedomane er vanskeleg å utnytte, og at problema kan løysast, eller i alle fall reduserast ved ei jordskiftesak. Før jordskiftedomstolane fremmar jordskifte, må retten også vurdere nytten sett i høve til kostnadene med saka for kvar einskild av partane. Dersom kostnadene blir større enn nytten for nokon av eigedomane som er involverte, må saka avisast.

Ulike typar jordskifte:

Oppløysing av sameige


Jordskifte kan gå ut på å løyse opp sameigetilstanden når grunn eller rettar ligg i sameige mellom bruk. Det tradisjonelle ved deling av sameige er at kvar sameigar overtar sin del av sameiga til full eigedom. Men det er ikkje uvanleg i slike tilfelle at grunn og skog blir delt, medan beiterett blir liggande igjen i sameige.

Ombyting av grunn

Mange eigedomar er samansett av fleire teigar og ligg i teigblanding med andre eigedomar. I andre høve er teigane urasjonelt utforma, til dømes lange og smale. Jordskiftedomstolane kan endre utforminga av eigedomar og rettar ved å byte areal og endre grenser slik at kvar eigedom får færre, større og meir rasjonelt utforma teigar.

Sal av tilleggsjord

Ved sal av landbrukseigedom som tilleggsjord til nabo- bruk, kan jordskiftedomstolane dele frå tunområdet på eigedomen og fordele resten av eigedomen på nabobruka. I slike saker er det ofte også aktuelt å byte areal, og jordskiftedomstolane ordnar også dei ulike rettane som rett til veg, brønn m.m.



Eigedomsdeling

Dersom ein eigedom skal delast etter eit bestemt verdi- forhold, kan jordskiftedomstolane gjennomføre delinga som jordskiftesak. Dette gir m.a. heimel til å dele personlege sameige når det er gitt delingsløyve i medhald av jordlov eller plan- og bygningslov.

Omforme eigedomar i byggeområde

Dersom godkjent regulerings- eller byggeplan medfører at eigedomstilhøva blir utenlege, kan jordskiftedomstolane omforme eigedomar og rettar for å betre tilhøva.

Bruksordning

Jordskiftedomstolane kan gi reglar om bruken av eigedomar og bruksrettar på tvers av eigedomsgrensene. Beite, jakt, fiske og grus er utnyttingsformer der bruksordning er særleg aktuelt. For å kunne utnytte til dømes storviltjakt, trengst eit visst minsteareal for å få fellingsløyve. Dei fleste eigedomane i Noreg er for små til å få fellingsløyve utan å samarbeide på tvers av eigedomsgrensene. Om ikkje grunneigarane sjølve klarer å bli sameide, kan jordskiftedomstolane i slike høve organisere utnyttinga av ressursane med bindande vedtekter og andelsfordeling.

Sams tiltak

Dersom det er nødvendig med felles investeringar for å utnytte eigedomane optimalt, kan jordskiftedomstolane organisere dei nødvendige tiltaka. Dette kan vere til dømes vegar, gjerder eller tørrleggingstiltak. Privat veg er eit typisk eksempel på slikt tiltak, både på landsbygda og i byane. I slike saker gir jordskiftedomstolane reglar om gjennomføringa av tiltaket, andelsfordeling og framtidig organisering og vedlikehald.

Avløyse bruksrettar

Varige bruksrettar på ein eigedom som til dømes rett til uthogst, veg, beite og brønn, kan på visse vilkår avløyseast i areal, pengar eller andre verdjar.



Fordeling av arealverdiar

Jordskiftedomstolane kan fordele arealverdiar og kostnader med sams tiltak i område som er regulert til byggeområde etter plan- og bygningslova. I slike høve har kvar part krav på å få andel i verdiauken utbygginga medfører.

Kombinerte saker (jordskifte og samtidig skjøn)

Jordskiftedomstolane kan fremme jordskifte og halde ekspropriasjons-/erstatningsskjøn samtidig for dei same eigedomane som ein integrert del av same saka. Dette er aktuelt i samband med offentleg ekspropriasjon ved veg- og jernbaneutbygging, og ved offentleg regulering av eigarrådvelde, som til dømes naturvern. Gjennom verkemidla i jordskiftelova avbøter jordskiftedomstolane skader og ulemper som utbyggings- eller vernetiltaket medfører. Deretter held jordskiftedomstolane skjøn, basert på alminnelege ekspropriasjonsrettslege reglar, og fastset erstatning for det økonomiske tapet som ikkje blir erstatta fullt ut gjennom jordskiftedelen av saka.

Skjøn

Jordskiftedomstolane har heimel til å halde skjøn som eiga sak etter ulike lover. Heimelen er avgrensa til areal som er sett av til landbruks-, natur- eller friluftsområde (LNF). Jordskiftelova gir jordskiftedomstolane heimel til å halde ekspropriasjons-/erstatningsskjøn som eiga sak når partane har avtalt dette. Gjerdelova gir jordskiftedomstolane heimel til å halde gjerdeskjøn, til dømes i samband med fordeling av kostnader ved oppsetting og vedlikehald av gjerde.

Veglova gir jordskiftedomstolane heimel til å halde vegskjøn for private vegar som eiga sak, til dømes for å etablere vegrett ved tvang.

Servituttløva gir jordskiftedomstolane heimel til å halde servituttskjøn som eiga sak, til dømes for å flytte eller utvikle bruksrettar. Reindriftslova gir jordskiftedomstolane heimel til å halde skjøn som eiga sak i samband med tiltak ein reindriftsutøvar eller grunneigar har gjennomført i reinbeiteområde, erstatningsskjøn i samband med at rein har gjort skade på innmark m.m.

Rettsfastsettande saker – grensegang og rettsutgreiing Grensegang


Når det er uklare grenser mellom eigedomar, kan jordskiftedomstolane klarlegge, fastlegge, merke av og måle inn grensene i eiga sak. Slik sak kan reisast for jordskiftedomstolane sjølv om det ikkje er tvist om kvar grensa går. Jordskiftedomstolane kan også fastlegge grenser for varige bruksrettar.

Rettsutgreiing

Jordskiftedomstolane kan klarlegge og fastsette eigedoms- og bruksrettstilhøva i sameige og i andre område der det er sambruk mellom eigedomar når dette er nødvendig for å kunne utnytte areala rasjonelt. Dette er m.a. aktuelt i samband med bruk av utmarksområde til hytteutbygging, jakt og fiske. I slike tilfelle fastlegg jordskiftedomstolane kven som er medeigarar og andelsfordelinga mellom dei.

DE ALMINNELIGE DOMSTOLENE

31.12.2008 var det 68 domstoler i førsteinstans, 6 lagmannsretter, samt Norges Høyesterett.



Hålogaland lagdømme

- Hålogaland lagmannsrett, Tromsø
 1. Øst-Finnmark tingrett, Vadso
 2. Sis-Finnmarkku diggegodd/Indre Finnmark tingrett, Tana
 3. Hammerfest tingrett, Hammerfest
 4. Alta tingrett, Alta
 5. Nord-Troms tingrett/Davvi-Romssa diggegodd, Tromsø
 6. Senja tingrett, Finnsnes
 7. Trondenes tingrett, Harstad
 8. Vesterålen tingrett, Sortland
 9. Lofoten tingrett, Svolvær
 10. Ofoten tingrett, Narvik
 11. Salten tingrett, Bodø
 12. Rana tingrett, Mo i Rana
 13. Alstahaug tingrett, Sandnessjøen
 14. Brønnøy tingrett, Brønnøysund

Frostating lagdømme

- Frostating lagmannsrett, Trondheim
 15. Namdal tingrett, Namsos
 16. Inderøy tingrett, Steinkjer
 17. Stjør- og Verdal tingrett, Levanger
 18. Fosen tingrett, Brekstad
 19. Trondheim tingrett, Trondheim
 20. Sør-Trøndelag tingrett, Trondheim
 21. Nordmøre tingrett, Kristiansund
 22. Romsdal tingrett, Molde
 23. Sunnmøre tingrett, Ålesund
 24. Søre Sunnmøre tingrett, Volda

Gulating Lagdømme

- Gulating lagmannsrett, Bergen
 25. Fjordane tingrett, Førde
 26. Sogn tingrett, Sogndal
 27. Nordhordland tingrett, Bergen
 28. Bergen tingrett, Bergen
 29. Hardanger tingrett, Lofthus
 30. Sunnhordland tingrett, Stord
 31. Haugaland tingrett, Haugesund
 32. Stavanger tingrett, Stavanger
 33. Jæren tingrett, Sandnes
 34. Dalane tingrett, Egersund

Agder lagdømme

- Agder lagmannsrett, Skien
 35. Lister tingrett, Farsund
 36. Kristiansand tingrett, Kristiansand
 37. Vest-Telemark tingrett, Kviteseid
 38. Aust-Telemark tingrett, Notodden
 39. Nedre Telemark tingrett, Skien
 40. Aust-Agder tingrett, Arendal
 41. Larvik tingrett, Larvik
 42. Nordre Vestfold tingrett, Horten
 43. Tønsberg tingrett, Tønsberg
 44. Sandefjord tingrett, Sandefjord

Eidsivating lagdømme

- Eidsivating lagmannsrett, Hamar
 45. Nord-Østerdal tingrett, Tynset
 46. Nord-Gudbrandsdal tingrett, Vågå
 47. Valdres tingrett, Fagernes
 48. Sør-Gudbrandsdal tingrett, Lillehammer
 49. Sør-Østerdal tingrett, Elverum
 50. Hedmarken tingrett, Hamar
 51. Gjøvik tingrett, Gjøvik
 52. Øvre Romerike tingrett, Eidsvoll
 53. Glåmdal tingrett, Kongsvinger
 54. Nedre Romerike tingrett, Lillestrøm


Borgarting lagdømme

- Borgarting lagmannsrett, Oslo
 55. Hallingdal tingrett, Nesbyen
 56. Kongsberg tingrett, Kongsberg
 57. Ringerike tingrett, Hønefoss
 58. Eiker, Modum og Sigdal tingrett, Hokksund
 59. Oslo tingrett, Oslo
 60. Oslo byfogdembete, Oslo
 61. Asker og Bærum tingrett, Sandvika
 62. Drammen tingrett, Drammen
 63. Follo tingrett, Ski
 64. Heggen og Frøland tingrett, Mysen
 65. Moss tingrett, Moss
 66. Sarpsborg tingrett, Sarpsborg
 67. Fredrikstad tingrett, Fredrikstad
 68. Halden tingrett, Halden

Målestokk 1 : 6mill
 Kartdata - Statens kartverk
 Kartet er produsert av
 DA (ptm) mars 2009

JORDSKIFTEDOMSTOLENE

31.12.2008 var det 34 jordskifteretter og 5 jordskifteoverretter.



Hålogaland jordskiftedømme

- Hålogaland jordskifteoverrett, Molde
 1. Finnmark jordskifterett, Vadso
 2. Nord-Troms jordskifterett, Tromsø
 3. Ofoten og Sør-Troms jordskifterett, Harstad
 4. Lofoten og Vesterålen jordskifterett, Sortland
 5. Salten jordskifterett, Bodø
 6. Helgeland jordskifterett, Mosjøen

Frostating jordskiftedømme

- Frostating jordskifteoverrett, Molde
 7. Nord-Trøndelag jordskifterett, Steinkjer
 8. Sør-Trøndelag jordskifterett, Trondheim
 9. Nordmøre jordskifterett, Surnadal
 10. Romsdal jordskifterett, Molde
 11. Sunnmøre jordskifterett, Ørsta

Gulating jordskiftedømme

- Gulating jordskifteoverrett, Bergen
 12. Nordfjord jordskifterett, Nordfjordeid
 13. Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett, Førde
 14. Indre Sogn jordskifterett, Leikanger
 15. Nord- og Midhordland jordskifterett, Bergen
 16. Indre Hordaland jordskifterett, Voss
 17. Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett, Stord
 18. Sør-Rogaland jordskifterett, Stavanger

Agder jordskiftedømme

- Agder jordskifteoverrett, Skien
 19. Øvre Telemark jordskifterett, Kviteseid
 20. Nedre Telemark jordskifterett, Skien
 21. Aust-Agder jordskifterett, Arendal
 22. Lista jordskifterett, Flekkefjord
 23. Marnar jordskifterett, Kristiansand
 24. Vestfold jordskifterett, Tønsberg

Eidsivating jordskiftedømme

- Eidsivating jordskifteoverrett, Hamar
 25. Nord-Østerdal jordskifterett, Tynset
 26. Nord-Gudbrandsdal jordskifterett, Vågå
 27. Valdres jordskifterett, Fagernes
 28. Vestoppland og Sør-Gudbrandsdal jordskifterett, Lillehammer
 29. Hedmarken og Sør-Østerdal jordskifterett, Hamar
 30. Øvre Buskerud jordskifterett, Gol
 31. Nedre Buskerud jordskifterett, Drammen
 32. Akershus og Oslo jordskifterett, Lillestrøm
 33. Glåmdal jordskifterett, Kongsvinger
 34. Østfold jordskifterett, Sarpsborg

Målestokk 1 : 6mill
 Kartdata - Statens kartverk
 Kartet er produsert av
 DA (ptm) mars 2009

Domstoladministrasjonen

DOMSTOLADMINISTRASJONENS ROLLE OG ARBEIDSOPPGAVER

Domstoladministrasjonen (DA) har ansvaret for den sentrale administrasjonen av de alminnelige domstolene og jordskiftedomstolene.

DA skal sørge for at samfunnets overordnede krav og forventninger til domstolene ivaretas, synliggjøre domstolenes uavhengighet og videreutvikle domstolene i rollen som samfunnets viktigste konfliktløser. I tillegg til å være samordnende og styrende i administrative funksjoner er DA et serviceorgan. DA er uavhengig og kan ikke instrueres av noe departement, men justisministeren er parlamentarisk ansvarlig overfor Stortinget. Gjennom budsjettbehandlingen fastsettes årlig sentrale retningslinjer for Domstoladministrasjonens arbeidsoppgaver og ansvarsområder.

Tor Langbach har vært direktør siden september 2007. Stillingen er et åremål på seks år.

NOEN SENTRALE ARBEIDSOPPGAVER I DOMSTOLADMINISTRASJONEN

Organisasjons- og personalutvikling

DA har ansvar for organisasjons- og lederutvikling, rekruttering, arbeidsmiljø, sikkerhet og beredskap. Videre utvikling av personalpolitikk og gjennomføring av lønnsforhandlinger for de fleste domstolene. DA har en sentral rolle i å sikre at avtaleverket følges og at samarbeidet med arbeidstakerorganisasjonene og andre sentrale grupper fungerer godt.

Kompetanseutvikling

Med kvalitet som en av de grunnleggende verdiene for domstolene, vil DA være sentral i et systematisk kvalitetsarbeid. Kompetente medarbeidere på alle nivå er en forutsetning for høy kvalitet.

DA har et hovedansvar for å sikre at domstolene og har til enhver tid har den kompetanse som er nødvendig. Dette innebærer å vurdere behovet for kompetanseutvikling og hvilke tiltak som bør iverksettes i samarbeid med domstolenes ledere og medarbeidere.

Juridisk arbeid

DA er involvert i juridisk utviklings- og lovgivningsarbeid på domstolenes områder. Det skjer gjennom egne initiativ og gjennom høringsuttalelser. DA behandler også erstatningskrav fra personer som mener at domstolen har gjort erstatningsbetingede feil. Generelle henvendelser fra publikum knyttet til domstolenes arbeid er en annen oppgave. Domstoladministrasjonen bidrar også i internasjonale fora på domstolenes område.

Økonomi og eiendom

DA utformer domstolenes overordnede budsjett og legger premisser for denne budsjett-prosessen i forhold til sentrale myndigheter. På grunnlag av Stortingets budsjettvedtak tildeler DA rammebudsjett til hver enkelt domstol. DA har en sentral regnskapsførerfunksjon og har ansvar for eiendomsforvaltningen og sentrale innkjøpsavtaler i domstolene, og for økonomisk strategistyring og felles effektiviseringstiltak.

IKT

DA er ansvarlig for drift og utvikling av domstolenes IKT-løsninger, og har det operative ansvaret når det gjelder anskaffelser, installasjoner og systemutvikling. DA gir brukerstøtte til domstolene.

Informasjon og samfunnskontakt

DA har ansvar for å utvikle informasjonsvirksomheten i og mellom domstolene, samt overfor allmennheten og mediene. Virkemidler i dette arbeidet er blant annet www.domstol.no, www.jordskifte.no, www.domstoladministrasjonen.no, intranett, trykksaker og mediekontakt. DA skal også ivareta domstolenes interesser gjennom kontakt med politisk myndigheter og forvaltning. DA har overordnet ansvar for domstolenes arkivrutiner.

Jordskifte

DA har ansvar for overordnede jordskiftefaglige og kartfaglige spørsmål. Jordskiftefaget omfatter eiendomsutforming, verdisetting av eiendommer og skifteregnskap (oversikt over hvem som eier hva i et skiftefelt). Kartfaget omhandler behandling av kartfestet informasjon i saker for jordskiftedomstolene.

Service

DA er serviceorgan og støttespiller overfor domstolene, og har ansvar for videreutviklingen av service overfor domstolene og utvikling av domstolenes service overfor publikum og brukere. DA forbereder og gjennomfører større arrangementer, herunder dommermøtene og de årlige domstolleder-møtene.

Domstoladministrasjonen har følgende sekretariatsfunksjoner

Innstillingsrådet for dommere

Rådet avgir innstilling om dommerutnevnelser til Regjeringen. Dommerne utnevnes av Kongen i statsråd. Innstillingsrådet behandler også konstitusjoner av dommere og dommerfullmektiger. www.domstol.no/innstillingsradet

Tilsynsutvalget for dommere

Utvalget behandler klager på dommere og kan også ta opp saker på eget initiativ. www.domstol.no/tilsynsutvalget

Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark

DA har det overordnede administrative ansvaret for Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark. DA kan ikke instruere kommisjonen om utførelsen av selve utredningsarbeidet.

Virksomheten for disse institusjonene er regulert i Finnmarksloven av 17. juni 2005 nr 85, se lovens kap. 5, med tilhørende forskrift.

Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark skal på grunnlag av gjeldende nasjonal rett utrede bruks- og eierrettigheter til den grunnen Finnmarkseiendommen har overtatt. Kommisjonens medlemmer er oppnevnt i statsråd. Det er fem medlemmer, hvorav ett er oppnevnt som leder. Det er krav om at minst to av medlemmene i kommisjonen skal være bosatt eller på annen måte ha sterk tilknytning til Finnmark fylke. Det er per februar 2009 ikke oppnevnt medlemmer av Utmarksdomstolen.

DA har i 2008 bidratt til etableringen av sekretariatet for Finnmarkskommisjonen. Kommisjonen er lokalisert i Tana, i samme lokaler som Indre Finnmark tingrett. Sekretariatet ble operativt i begynnelsen av 2009. DA bistår med administrativ og kompetansebyggende støtte. www.finnmarkskommisjonen.no



Domstoladministrasjonens styre

Styret består av ni medlemmer, hvor to er valgt av Stortinget, mens de øvrige er oppnevnt av Kongen i statsråd. Styret er bredt sammensatt og har to representanter fra allmennheten, tre dommere, én representant for de øvrige ansatte i domstolene, én jordskiftedommer og to advokater. Alle styremedlemmene har personlige vara-medlemmer.

Styrets sammensetning er som følger:

<i>Styremedlem</i>	<i>Personlig varamedlem</i>
Styreleder Karl Arne Utgård,	Tine Kari Nordengen
høyesterettsdommer	tingrettsdommer
Nestleder Helge Aarseth	Berit Reiss-Andersen
advokat	advokat
Elisabeth Stenwig	Randi Birgitte Bull
advokat	advokat
Anne Austbø	Asbjørn Nes-Hansen
lagdommer	førstelagmann
Ole Henrik Magga	Oluf Arntsen
professor	tidl. administrerende
	direktør
Turid Moldenæs	Ranveig Frøiland
førsteamanuensis	styreleder Helse Bergen
Ove Einar Engen	Ove Skomsøy
administrasjonssjef	førstekonsulent
Kirsti Ramberg	Monica Nylund
sorenskriver	lagdommer
Magne Reiten	Liv Nergaard
jordskifteoverdommer	jordskifterettsleder

Styret har i løpet av 2008 avholdt åtte styremøter. Fire av møtene ble lagt til Domstoladministrasjonen (DA) i Trondheim, de øvrige møtene ble avholdt ved Høyesterett, i Øvre Romerike tingrett og på Gardermoen i forbindelse med et fellesmøte mellom styrets hoved- og varamedlemmer og ledergruppen i DA. Det ble også avholdt et styremøte i forbindelse med styrets studietur til Danmark i februar 2008.

Hvert år legges 2–4 styremøter utenfor Trondheim. Dette gir styret en mulighet til å invitere og møte domstolledere, representanter fra domstolenes administrasjon og representanter fra organisasjonene.

Styret er øverste myndighet for DA, og skal påse at administrasjonen av domstolene skjer på en forsvarlig og hensiktsmessig måte. Styret skal behandle saker som er av viktighet for DA, herunder: budsjettforslag for domstolene og Domstoladministrasjonen og fordeling av budsjettmidler innenfor rammer som er fastsatt av Stortinget. Styret skal i tillegg gi generelle retningslinjer for Domstoladministrasjonens virksomhet.

Foran: Karl Arne Utgård 1. rekke: Anne Austbø, Turid Moldenæs, Kirsti Ramberg og Elisabeth Stenwig 2. rekke: Ole Henrik Magga, Ove E. Engen, Helge Aarseth og Magne Reiten.



Foto: Cathrine Dillner Hagen

Domstolenes virksomhet


SAKSAVVIKLING OG MÅLOPPNÅELSE 2008 – DE ALMINNELIGE DOMSTOLENE

Det er utarbeidet oversikter over antall innkomne saker, behandlede saker, saker i beholdning og gjennomsnittlig saksbehandlingstid. Detaljert saksavviklingsstatistikk per domstol finnes på sidene 63–98. En beskrivelse av sakstypene finnes i kapittel "Oppgaver i dei alminnelige domstolane" side 8.

Saksavvikling i 2008

Domstolene i førsteinstans

Innkomne saker




Antallet sivile tvistesaker som kom inn til domstolene har økt med 7 prosent fra 13 307 saker i 2007 til 14 207 saker i 2008. Økningen skyldes at midlertidig sikring og midlertidige avgjørelser etter innføring av ny tvistelov 1.1.2008 registreres som tvistesaker. Tidligere ble disse registrert som tvangssaker. Midlertidig sikring og midlertidige avgjørelser utgjør 1593 av tvistesakene som ble registrert inn i domstolene i 2008. Trekker man ut disse sakene er antall innkomne sivile tvistesaker redusert med 5 prosent.

Siden 2005 har antall innkomne enedommersaker økt hvert år, og dette fortsetter i 2008. Antallet innkomne enedommersaker økte med 4 prosent fra 40 685 saker i 2007 til 42 231 saker i 2008.

Antall meddomsrettssaker som kommer inn til tingrettene er redusert med 7 prosent fra 2007 til 2008, fra 16 864 saker i 2007 til 15 673 saker i 2008.

Behandlede saker




Domstolene har behandlet flere saker i 2008 enn tidligere år.

Behandlede tvistesaker har økt med 16 prosent fra 12 981 saker i 2007 til 15 007 saker i 2008. 1471 av de behandlede tvistesakene i 2008 er saker som tidligere ble registrert som tvangssaker. Dersom man holder disse sakene utenom er økningen i antall behandlede tvistesaker 4 prosent. Kun to gruppesøksmål ble avgjort i 2008.

Siden 2006 har rettsmekling vært et tilbud ved alle tingretter og lagmannsretter. I 2008 ble det avholdt rettsmeklingsmøter i 1923 saker, og 1115 saker ble registrert som hevet ved forlik etter rettsmekling.

Antall behandlede enedommersaker har gått opp med 3 prosent fra 40 761 saker i 2007 til 42 159 saker i 2008. Antall behandlede meddomsrettssaker ble redusert med 7 prosent i samme periode fra 17033 saker i 2007 til 15854 saker i 2008. I 2008 utgjorde tilståelsespådommelser 48 prosent av alle dommer i straffesaker.

Beholdning

For alle sakstypene er antallet saker i beholdning (restansene) lavere ved utgangen av 2008 enn ved utgangen av 2007.

I 2008 er antallet behandlede tvistesaker mye høyere enn antallet nye tvistesaker som kommer inn til domstolene. Dette har resultert i en reduksjon av antall saker i beholdning på 11 prosent fra 7095 i 2007 til 6323 i 2008. For enedommersaker og meddomsrettssaker er reduksjonen på 7 prosent i samme periode fra 1955 til 1827 saker for enedommersaker og fra 3528 til 3287 saker for meddomsrettssaker.


I de siste årene er det gjennomført egne restansenedarbeidingsprosjekter i flere av de største domstolene. Prosjektene innebærer tilførsel av midlertidige konstitusjoner til restansenedarbeidning. Dette arbeidet har gitt gode resultater og bidratt til reduksjonen av antall saker i beholdning.

Måloppnåelse - saksbehandlingstid

I St. prp. nr. 1 finnes følgende målsettinger for gjennomsnittlig saksbehandlingstid fra en sak kommer inn til domstolen og til avgjørelse foreligger:

Sivile tvistesaker: 6 måneder
 Enedommersaker: 1 måned
 Meddomsrettssaker: 3 måneder

Utviklingen i saksbehandlingstid de siste årene har vært positiv for alle disse sakstypene:




Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for sivile tvistesaker har gått ned siden 2005, og er redusert fra 6,1 måneder i 2007 til 5,2 måneder i 2008. Deler av denne reduksjonen skyldes at midlertidig sikring og midlertidige avgjørelser behandles ganske raskt, og har gjennomsnittlig saksbehandlingstid på 0,6 måneder. Omkategoriseringen av disse sakene fra 1.1.2008 bidrar dermed til å trekke gjennomsnittstiden ned. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for tvistesaker uten midlertidig sikring og midlertidig avgjørelse var i 2008 på 5,6 måneder.

Domstolene i førsteinstans er for første gang innenfor målsettingen om gjennomsnittlig saksbehandlingstid under 6 måneder når det gjelder tvistesaker. I 2008 hadde 55 av 69 domstoler (inkludert Oslo byfogdembete) gjennomsnittlig saksbehandlingstid innenfor målsettingen. Dette utgjør 80 prosent av domstolene.

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for enedommersaker har vært stabil, og godt innenfor målsettingen de siste årene. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid både i 2007 og 2008 var 0,5 måneder for disse sakene.


I 2008 var 67 av 68 domstoler (99 prosent) innenfor målsettingen om gjennomsnittlig saksbehandlingstid for enedommersaker innenfor 1 måned.

For meddomsrettssaker er gjennomsnittlig saksbehandlingstid på samme nivå i 2008 som i 2007. Saksbehandlingstiden var i gjennomsnitt 2,7 måneder i 2007 og 2,6 måneder i 2008. Den er dermed godt innenfor målsettingen. 55 av 68 domstoler (81 prosent) hadde gjennomsnittlig saksbehandlingstid innenfor målsettingen i 2008.

Domstolene i andreinstans**Innkommne saker**

